

## HØRINGSUTTALELSE ang. Røldal- Suldal vassdraget

Eg er eigar av G.nr.29 B.nr 26.

Som næraste nabo til Røldalsvatnet og sandane,- ser eg med skrekk og gru på planane om at ein skal kunne regulere vatnet opp og ned, alt etter prisen på straum i den europeiske marknaden.

Berre det at vatnet går opp og ned så mange meter vår og haust, slik som det har gjort etter førra kraftutbygging, så ser ein at terrenget endrar seg kvart år. I blant vert det djupe revner med lause sider som rasar, og andre gonger er det «bekkar» som finn nye løp, og plutselig er alt flata ut.

Me opplever frostrøyk om vinteren, råkald og kvitrima, og sandstorm når vatnet er nedtappa, spesielt om våren.

Slik eg ser det vil ei stadig regulering av vatnet opp og ned, laga bratte bråter langs heile Røldalsvatnet, og rasa ut rett som det er. Det vert vanskeleg både å få båt ute på eller av vatnet, samt uråd å ha båt liggande sommarstid. Det øydelegg for fisking og bruk av vatnet.

Det må lagast båtplassar mange stader langs vatnet skal ein framleis kunne nyta vatnet. Det nyttar ikkje med ein felles båtplass.

Det er også foreslått eit digert deponi ved og i Røldalsvatnet, og då er eg redd for at det vil føra til stor forureining av vatnet med slike mengder skoten stein. Det er også for nært drikkevatnet til Røldals befolkning.

Eg er helt imot Hydro / Lyse sine planar om ny utbygging. Det er tukling med naturen og det er aldri bra. Lite ny energiproduksjon, -berre pengane som rår.

Røldalsbygda har bidrige til storsamfunnet i 60 år, med ei svært omfattande kraftutbygging, som neppe hadde vorte godteken / vedteken om det var nokre år seinare.

I åra etter det har småkraftverk kome i kvar ei elv rundt Røldal.

Røldalsbygda må ikkje ofrast nok ein gong, der bygda sit att med alle ulempene ein slik omfattande utbygging vil føra med seg, og ein ser ingenting att i form av auka inntekter eller varige årlege midlar til bygda. Alt går berre ut av bygda. Me sit at med endå høgare straumpris. Det er takka frå storsamfunnet.

Med helsing

Vencke Rønning Hagen  
Seimsvegen 32

5760 RØLDAL

Vedlegg:

2 foto

